



MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 20.09.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Orienteringar

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
13/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
14/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
15/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
16/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR - BRUK AV TELEFONKIOSK TIL INFORMASJON OM EKSINGEDALEN - EKSINGEDALEN BYGDARÅD
17/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV TURNUTSTYR - STAMNES IDRETTSLAG
18/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS OM GRINDVERKSBYGG - STAMNES IDRETTSLAG
19/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL "FRILUFTSSKOLE" PÅ STANGHELLE 2022 - BERGEN OG HORDALAND TURLAG
20/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSBROSJYRE OM NOTFISKE ETTER LAKS - "LAKSGILJO"
21/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTANDØRS BORDTENNISBORD VED ALLAKTIVTETSHUSET PÅ STAMNES - STAMNES UNGDOMSKLUBB
22/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL OG STAMNES UNGDOMSHUS - STAMNES BYGDALAG



Vaksdal kommune

12. september 2022

Edvin Hesjedal
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1084

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1084

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 19.04.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 19.04.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 09:40

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Renathe Vik	SP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Mona Grenasberg	SV	Renathe Vik

Andre møtande:

Kommunalsjef for digitalisering, innovasjon og samfunn Åse Elin Myking
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
05/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
08/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GARDSLEIR VED HESJEDAL GARD I SOMMARFERIEN 2022
09/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MUSIKKFESTIVAL PÅ STANGHELLE SOMMAREN 2022



- | | |
|----------------|--|
| 10/2022 | HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLNG AV
PERMANENT HISTORISK UTSTILLING I GREINDAHUSET LJOSEIM |
| 11/2022 | HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å GJERE
"BRØRVIKSKUTO" SJØDYKTIG ATT - KOLFYRPROSJEKTET |
| 12/2022 | HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV KLAPPSTOLAR FOR BRUK PÅ
"VINTERTREFFET" - VAKSDAL UNDERHALDNINGSLAG |



05/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

BYG - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

06/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

BYG - sak 06/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

07/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

BYG - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

08/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GARDSLEIR VED HESJEDAL GARD I SOMMARFERIEN 2022**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Sunniva Gammersvik og Elisabeth Vik Hesjedal vert tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av gardsleir ved Hesjedal Gard for skuleborn, sommaren 2022 (27.06 - 01.07). Løyvinga utgjer 54 % av budsjetterte kostnadar på kr. 55 000,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta, og er knytt til budsjetterte utgifter. Lågare, dokumenterte utgifter kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022**Behandling:**

Utvalet drøfta saka.

Arne Normann, Krf la fram følgjande forslag til endring av tildelingssum:

BU støttar tiltaket med kr 20.000.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Arne Normann sitt forslag til tildelingssum.

Arne Normann sitt forslag vart vedteke med fire stemmer (Edvin Hesjedal, H, Evy Kvamme, SV, Ståle Hesjedal, Ap, Arne Normann, Krf) mot 1 stemme (Line Eide Vik, Sp).

BYG - sak 08/2022 Vedtak/Tilråding:

Sunniva Gammersvik og Elisabeth Vik Hesjedal vert tildelt inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av gardsleir ved Hesjedal Gard for skuleborn, sommaren 2022 (27.06 - 01.07).

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast



frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta, og er knytt til budsjetterte utgifter. Lågare, dokumenterte utgifter kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende.

09/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MUSIKKFESTIVAL PÅ STANGHELLE SOMMAREN 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bando Foodtuck AS, v/ Torje Midtsæter, får tildelt kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av musikkfestival, planlagt til Stanghelle kai den 30. juli 2022.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga er eit eingongstilskot, og skal nyttast til å gjere avtalar om teknisk drift av festivalen, jf. saksutgreiing. Tilskotet kan betalast ut på førehand. Det må ettersendast rapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga er ikkje knytt til eit fast tidspunkt eller ein fast stad for festivalen, med den må haldast i Vaksdal kommune. Føresetnaden er at naudsynte løyve er på plass.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert løyvinga trekt attende.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 09/2022 Vedtak/Tilråding:

Bando Foodtuck AS, v/ Torje Midtsæter, får tildelt kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av musikkfestival, planlagt til Stanghelle kai den 30. juli 2022.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.



Løyvinga er eit eingongstilskot, og skal nyttast til å gjere avtalar om teknisk drift av festivalen, jf. saksutgreiing. Tilskotet kan betalast ut på førehand. Det må ettersendast rapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga er ikkje knytt til eit fast tidspunkt eller ein fast stad for festivalen, med den må haldast i Vaksdal kommune. Føresetnaden er at naudsynthe løyve er på plass.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert løyvinga trekt attende.

10/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLING AV PERMANENT HISTORISK UTSTILLING I GRENDAHUSET LJOSHEIM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Husastyret for Grendahuset Ljosheim får tildelt inntil kr. 20 000,- i eingongstilskot til etablering av permanent, historisk utstilling i grendahuset.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon, knytt til budsjetterte utgifter.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende. Det er mogleg å søkje om utsetjing.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 10/2022 Vedtak/Tilråding:

Husastyret for Grendahuset Ljosheim får tildelt inntil kr. 20 000,- i eingongstilskot til etablering av permanent, historisk utstilling i grendahuset.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon, knytt til budsjetterte utgifter.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende. Det er mogleg å søkje om utsetjing.



11/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å GJERE "BRØRVIKSKUTO" SJØDYKTIG ATT - KOLFYRPROSJEKTET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stiftinga Brørvikskuto, v/ styreleiar Anne Mari Hannisdal, får tildelt inntil kr. 100 000,- i tilskot til reparasjonsarbeid for å gjere "Brørvikskuto" sjødyktig att. Løyvinga utgjer 25 % av budsjetterte kostnader på kr. 410 480,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Vilkåret for løyvinga er at "Brørvikskuto" vert nytta til kulturformidling gjennom prosjekt, tiltak og samlingar som involverer ålmenta.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon. Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte inne att. Det kan søkjast om utsetjing.

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 11/2022 Vedtak/Tilråding:

Stiftinga Brørvikskuto, v/ styreleiar Anne Mari Hannisdal, får tildelt inntil kr. 100 000,- i tilskot til reparasjonsarbeid for å gjere "Brørvikskuto" sjødyktig att. Løyvinga utgjer 25 % av budsjetterte kostnader på kr. 410 480,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Vilkåret for løyvinga er at "Brørvikskuto" vert nytta til kulturformidling gjennom prosjekt, tiltak og samlingar som involverer ålmenta.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon. Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte inne att. Det kan søkjast om utsetjing.

12/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV KLAPPSTOLAR FOR BRUK PÅ "VINTERTREFFET" - VAKSDAL UNDERHALDNINGSLAG

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjev bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag for å kjøpe inn klappstolar til



bruk på «Vintertreffet».

Grunngjevinga er at tiltaket sin karakter fell utanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, jf. «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling»

Bygdeutviklingsutvalet 19.04.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande forslag til vedtak:

Vaksdal underhaldningslag får tildelt 10.000 til innkjøp av nye klappstolar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak. Ståle Hesjedal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal underhaldningslag får tildelt 10.000 til innkjøp av nye klappstolar.



ORIENTERINGAR

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad orienterte om trafikksikringsplanen.

SPØRSMÅL

Edvin Hesjedal, H stilte spørsmål knytt til graving i samband med K5.

Kommunalsjef for DIS Åse Elin Myking svarte.

Arne Normann, Krf stilte spørsmål knytt til ordførarkjede, status for prosess ved Dalseidvegen og status for mobil- og internettdækning i Vaksdal.

Kommunalsjef for DIS Åse Elin Myking svarte.

Ståle Hesjedal, Ap ba om status for arbeidet etter synkehull ved Vaksdal idrettspark .

Kommunalsjef for DIS Åse Elin Myking svarte.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	22/1084

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
15/2022.1	Oversyn for tildelingar og utbetalingar av bygdeutviklingsmidlar - per 01.05.22
15/2022.2	Oversyn for søknadar om bygdeutviklingsmidlar i 2022, med innstillingar og vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Notat

Til Åse Elin Myking
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye
Vår referanse: 22/458 - 22/9349
Dato: 09.09.2022

Emne: Oversyn for tildelingar og utbetalningar av bygdeutviklingsmidlar - per 01.05.22

Samla oppstilling for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar til og med 01.05.22.
Oppstillinga inkluderer søknadsomgangen i april 2022.

Søknadsomg.	Søkjar	Tiltak	Løyvd tilskot	Utbetalt
JUNI -20	Farfars Reklamebyrå	Turbrosjyre	15 000,-	15 000,-
HAUST -20	Stamnes Dronefoto	Filmprosjekt: Vaksdal som buplass	7 000,-	7 000,-
	Mylder Gjenbruksbutikk	Tilrettelegging, oppstart	15 000,-	15 000,-
	Stølsvegen Venelag	Restaurering, stølssti	75 000,-	75 000,-
	Vaksdal Ungdomsklubb	Datautstyr m.m.	20 000,-	19 271,-
VÅR -21	Stamnes Idrettslag	Innkjøp kajakk + kurs	15 000,-	15 000,-
	Stanghelle Kultur	Konsertar m.m	30 000,-	29 614,-
	Grendahuset Ljosheim	Reparasjon av tak	100 000,-	
	Kero	Rest. «Det gamle slakthuset», møterom/museum	50 000,-	
	Stamnes Dronefoto	Nettsida om Vaksdal kommune som bustad	15 000,-	15 000,-
	Bergsdalen Bygdalag	Tretalt v/ Skarvavatnet m.fl	15 000,-	
	Bergsdalen Ungdomslag	Vøling/vedlikehald, Fjellheim ungdomshus	50 000,-	
	Vaksdal barne- og ungdomskorps	LAN-arrangement, Turbinen	15 000,-	
	Vaksdal Turlag	Gapahuk, bål plass, Dalegarden	35 000,-	
HAUST -21	Gåsedammens Venner	Tilrettelegging v. Gåsedammen	30 000,-	
	Vaksdal Eldreråd	Repr. turveg Johagen	32 000,-	
	Stølsvegen Venelag	Tilretteleggingstiltak ved sti	10 000,-	10 000,-
	Straume Ungdomshus	Nytt tak	50 000,-	50 000,-
	Stamnes Idrettslag	Aktivitetspark	22 000,-	
	Stamnes Idrettslag	«Allaktivitetshuset»	31 500,-	
	Eidslandet Grendalag	Div. innkjøp – aktiviteter	20 000,-	

	Stanghelle Ungdomsklubb	Innkjøp datautstyr	14 500,-	
VÅR -22	Grendahuset Ljosheim - husastyret	Historisk utstilling i grendahuset	20 000,-	
	«Vintertreffet»	Innkjøp av klappstolar	10 000,-	
	Stiftinga Brørvikskuto	Restaurering Brørvikskuto	100 000,-	
	Hesjedal Gard	Gardsleir (hund og hest)	20 000,-	20 000,-
	Bando Food Trucks AS	Festival -22, Elvebrus	75 000,-	75 000,-

Med helsing

Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk



Notat

Til: Åse Elin Myking
Kopi til: Stian Reime

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye
Vår referanse: 22/458 - 22/9351
Dato: 12.09.2022

Emne: Oversyn for søknadar om bygdeutviklingsmidlar i 2022, med innstillingar og vedtak

Samanstilling av søknadar i 2022, med innstillingar og tildelingar:

Søklar	Tiltak	Søknadsbeløp	Innstilling	Vedtak, tildeling
Grendahuset Ljosheim	Historisk utstilling, Ljosheim	50 000,-	20 000,-	20 000,-
Stiftinga Brørvikskuto	Restaurering Brørvikskuto	100 000,-	100 000,-	100 000,-
Vaksdal Underhaldningslag	Innkjøp klappstolar - Vintertreffet	18 900,-	0,-	10 000,-
Bando Food Trucks AS	Festival «Elvebrus»	75 000,-	75 000,-	75 000,-
Hesjedal Gard	Sommarleir	30 000,-	30 000,-	20 000,-
Bergen/Hordaland Turlag	«Friluftsskole» Agnavika	20 000,-	20 000,-	-
Eidsland Grendalag	Arrangementet «Eidslandsviking»	15 000,-	15 000,-	-
Eksingedalen Bygdaråd	Innkjøp og oppsetjing av telefonkiosk -informasjonstiltak	27 000,-	27 000,-	-
«Laksagiljo»	Informasjonsbrosjyre	10 000,-	10 000,-	-
Stamnes Bygdalag	Stolar/bord til u-huset Frilund	30 000,-	20 000,-	-
Stamnes Bygdalag	Restaurering av u-huset Frilund	550 000,-	50 000,-	-
Stamnes Bygdalag	Kulturarr., Fiskefestivalen -22	75 000,-	40 000,-	-
Stamnes Ungdomsklubb	Utandørs bordtennisbord	18 000,-	18 000,-	-
Stamnes Idrettslag	Kurs i grindverksbygging	70 000,-	50 000,-	-
Stamnes Idrettslag	Innkjøp av turnutstyr	25 000,-	25 000,-	-

Med helsing

Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1043

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR - BRUK AV TELEFONKIOSK TIL INFORMASJON OM EKSINGEDALEN - EKSINGEDALEN BYGDARÅD

Vedlegg:

Søknad bygdeutviklingsmidlar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eksingedalen Bygdaråd får tildelt inntil kr. 27 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å nytte gamal, raud telefonkiosk til informasjon om aktivitetar og opplevingar i Eksingedalen.

Tilskotet utgjer 53 % av budsjettert/godkjent kostnad på kr. 51 000,-. Lågare dokumentert kostnad, kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon.

Søkjar må sjølv syte for å hente inn eventuelle, naudynnte løyve etter aktuelle lovverk, før oppsetjing av kiosken.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Eksingedalen Bygdaråd, v/ Magnar Nese, søker om kr. 27 000,- i tilskot frå bygdeutviklingsutvalet til bruk av gamal, raud telefonkiosk for å informere om aktivitets- og opplevingstilbod i Eksingedalen.

Før målet med bruk av telefonkiosken er å skape merksemd om kva dalføret har å tilby (samordning).

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og går inn for å løyve kr. 27 000,- til innkjøp og oppsetjing av telefonkiosken. Dette er i tråd med søknadsbeløpet.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 25.08.22 søker Eksingedalen Bygdaråd, v/ Magnar Nese, om kr. 27 000,- i tilskot til innkjøp og oppsetjing av gamal, raud telefonkiosk i Eksingedalen, som særmerkt og original «innretning» for å informere om aktivitetar, opplevingar og andre aktuelle tilbod i dalføret.

Telefonkiosken, som tidlegare stod på Lavik!, er no kjøpt attende for å nyttast som «informasjonskiosk». Kiosken har soleis lokalhistorisk verdi, og vil skape merksemd gjennom sin utsjånad og tidlegare bruk, i følgje søkjar.

Dei gamle, raude telefonkioskane har den siste tida fått ny aktualitet, ved at «Foreninga !les» har teke dei i bruk til å etablere utlån av bøker. I dette høvet er det plassert ut kioskar mange stader i landet.

Etablering av «lesestasjon» er vurdert, men søkjar har kome fram til at planlagt bruk vil vere meir til nytte.

Budsjettet til søknaden viser ein total kostnad på kr. 51 000,-, der innkjøp av kiosken kom på kr. 25 000,-. Dei andre kostnadane er knytt til oppussing, installasjonar og informasjonsmateriell. Bygdarådet finansierer sjølv kr 15 000,- (29 %), medan det er lagt opp til støtte frå «andre» på kr. 9 000,- (17%). Søknaden om tilskot frå bygdeutviklingsutvalet (kr. 27 000,-), utgjer 53 %. Verdien av eigeninnsatsen er kr. 12 000,- (40 timar, a kr. 300,-). Dette beløpet er ikkje inkludert i kostnaden/søknadsbeløpet. Jf. søknaden for nærare informasjon.

Det er fram til no, ikkje teke stilling til kor kiosken skal stå.

Formelt grunnlag:

- Kommuneleia - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden frå Bygdarådet er i tråd med krava til innhald i søknadar om bygdeutviklingsmidlar, med god skildring av tiltaket og kostnadsoversyn, inkludert finansieringsplan og eigeninnsats.

Føremålet med bygdeutviklingsmidlane er mellom anna å leggje til rette for engasjement og nye tilbod i grendesamfunna. Telefonkiosken vil truleg skape liten aktivitet i seg sjølv, ut over den lokale prosessen. Men kiosken vil vere eit punkt for å samle og synleggjere informasjon om Eksingedalen, og gjere det lettare å finne fram til tilbod, til dømes knytt til fiske i Ekso, overnatting på Haugen gard eller fotturar i Stølsheimen. Dette kan igjen auka oppslutnaden om tilboda, og fremje aktiviteten i dalføret. I tillegg vil kiosken, gjennom sin originalitet, kunne skape merksemd, og bli ein «snakkis».

Retningslinjene for bygdeutviklingsmidlane seier at ein skal ta omsyn til geografisk fordeling ved

tildeling av midlar. I dette høvet er det gjort løyvingar til Eksingedalen ved fleire høve. Men med bakgrunn i ei samla vurdering av innkomne søknadar og tilgjengelege midlar, finn Kommunedirektøren grunnlag for å støtte søknaden som ligg føre. Her er vurderinga at søknaden ikkje vil gå ut over tildeling til andre søknadar/tiltak i nemneverdig grad.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve inntil kr. 27 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp og oppsetjing av telefonkiosken. Dette utgjer 53 % av busjettert kostnad på kr. 51 000,- (utan eigeninnsats). Framlegget er i tråd med søknadsbeløpet.

v/Magnar Nese

5728 Eidslandet

Vaksdal kommune

Bygdeutviklingsutvalet

Konsul Jebsens gt. 16

5722 Dalekvam

SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR

Prosjekt: Telefonkiosk som eit artig innslag i Eksingedalen og ein særmerkt stad for informasjon om Eksingedalen.

Om prosjektet: Ved butikken på Lavik stod det ein gong ein raud telefonkiosk, slik det gjorde mange stader rundt omkring i Noreg. Kioskane var viktige, og eit lite rom for små og store samtalar. Telefonkioskane har no fått både verdi og sin renesanse, og vert plasserte rundt om kring. 100 telefonkioskar har avtale med «Foreningen !les», og står som lesekioskar over heile landet. Kiosken vert rekna som eit designikon, og #telefonkiosk har mange treff på Instagram.

Etter tips om at telefonkiosken som ein gong stod på Lavik ved butikken var å få tak i, bestemte Eksingedalen Bygdaråd seg for å prøva å den attende til Eksingedalen. Det lukkast, kiosken er kjøpt inn og frakta til dalen. Framover treng kiosken litt oppussing, fundament, oppsetting og montering av solcellepanel. Målet med kjøpet er å etablera ein særmerkt stad for informasjon om Eksingedalen og det denne delen av kommunen har å tilby. Inne i kiosken vil ein skapa eit spennande rom med informasjon om Eksingedalen.

Framdriftsplan:

Telefonkiosken er kjøpt attende. Ein vil montera solcellepanel på taket som skal gi lys til kiosken slik at den også kan fungera når det er mørkt. Dette vil gjera at plasseringa ikkje er avhengig av tilgang på straum frå lågspennettet. Då kan me vere kreative med plassering, er berre avhengig av eit godt fundament der kiosken skal stå. Kiosken skal pussast litt opp, med måling og det må setjast inn eit pleksiglas.

Inne i kiosken ynskjer ein å informera om Eksingedalen. I tillegg til skrifteleg informasjon vil det også vera mogleg å bruke lyd. Meininga er å fortelja om bygda, turmål, overnatting og aktivitetar. Med dette vil kiosken marknadsføre dei som har noko å tilby tilreisande som kjem hit.

Ein telefonkiosk som informasjonssentral, som attpåtil er eit designikon, håpar ein vil vera både god marknadsføring for Eksingedalen og samlande for dei som satsar på aktivitetar, overnatting eller sal av ymse slag. Alle som ynskjer det, vil få tilbod om å fylla opp kiosken med informasjon.

Arbeidet med å gjera infokiosken klar vert gjort på dugnad. Det gjeld også ettersyn og fornying av innhald. Eksingedalen Bygdaråd vil stå ansvarleg for dette.

**Budsjett
(kr.)**

Kjøp av telefonkiosk	25000
Maling og pleksiglas	3000
Solcellepanel og montering	9000
Fundament	2000
Informasjonsmateriell og innstallasjon	12000

Sum	51000
-----	-------

Dugnadstimar telefonskiosk

Frakt av kiosk	6
Oppussing	6
Solcelleanlegg	3
Fundament og plassering	5
Produksjon av fellesinformasjon om bygda	10
Administrasjon og planlegging	10

Sum dugnadstimar	40
------------------	----

Finansiering (kr.)

Eksingedalen Bygdaråd, egne midlar	15000
Støtte frå andre	9000

Søknad om bygdeutviklingsmidlar	27000
---------------------------------	-------

Eksingedalen Bygdaråd v/ Magnar Nese



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1018

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV TURNUTSTYR - STAMNES IDRETTSLAG

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Stamnes idrettslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Turngruppa i Stamnes Idrettslag, v/ Helen Børhaug, får tildelt kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av følgjande utstyr i samband med oppstart av turngruppe for born og unge i nærområdet:

- Airtrack m/pumpe
- Flikk flakk rullesylynder

Tilskotet utgjer 100 % av budsjetterte kostnadar.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Turngruppa i Stamnes Idrettslag søker om kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av «airtrack» m/pumpe og «flikk flakk rullesylynder» til bruk av den nyleg oppstarta turngruppa for born og unge. Det vert søkt om fullfinansiering.

Planlagte innkjøp vil tilretteleggje for – og fremje aktivitet for born og unge i stamnesområdet, der tilbodet om turngruppe representerer noko nytt. I dette høvet finn Kommunedirektøren at søknaden om midlar er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål.

Innstillinga er å løyve kr. 25 000,- til innkjøp av turnutstyr (100 % finansiering).

Løyvinga gjeld i 2 år, til 01.10.24. Etter dette vert midlane trekte attende.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

Turngruppa i Stamnes Idrettslag har utdanna 2 stk. instruktørar i turn, og har nyleg starta opp med turntilbod for born. Fram til no har laget brukt utstyr som er tilgjengeleg ved Stamnes oppveksttun, men ser trong for oppgradering og nye innkjøp. I dette høvet søker turngruppa i søknad av 22.08.22, om kr. 25 000,- til å finansiere innkjøp av «airtrack» m/pumpe og «flick flakk rullesylinder».

Det vert søkt om å få dekkje heile kostnaden.

Formelt grunnlag:

- Kommuneleva - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden frå turngruppa i idrettslaget er i tråd med krava til innhald i søknadar om bygdeutviklings-midlar, med skildring av tiltaket og kostnads-/finansieringsplan. Eigeninnsatsen er ikkje spesifisert, men kan mellom anna knytast til utdanninga av 2 instruktørar.

Bygdeutviklingsmidlane sitt føremålet er mellom anna å fremje engasjement, trivnad og aktivitet i bygdesamfunna. I dette høvet kan det gjevast midlar til innkjøp av utstyr.

Den nyleg oppstarta turngruppa (2021) representerer eit tilbod som er i tråd med kva tilskotsordninga skal medverke til, og støtte opp om. Her vert det lagt ekstra vekt på at tilbodet er for born og unge, og aktiviteten inngår som del av ei etterkvart variert tilrettelegging på Stamnes.

I følge retningslinjene for tilskotsordninga skal ein skal ta omsyn til geografisk fordeling ved tildeling. I dette høvet er det gjort mange tildelingar av midlar til stamnesområdet, og Stamnes Idrettslag har også fått tilskot ved tidlegare høve. Dette er naturleg å ta med i vurderinga av nye søknadar frå området, men grunna søknadane sin karakter og tilgjengelege midlar, vert det funne grunnlag for tildeling til turngruppa. Søknaden vert prioritert høgt grunna målgruppe og innhald.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr. 25 000,- til innkjøp av turnutstyr i regi av Stamnes Idrettslag, i tråd med søknaden. Løyvinga utgjer fullfinansiering.

Stamnes Idrettslag
Turngruppa v/ Helen Børhaug
Eidslandsvegen 941
5727 Stamnes

Stamnes 22.08.22

Vaksdal Kommune

Søknad om bygdeutviklingsmidler

Stamnes idrettslag har utdanna 2 instruktører i turn (Airtrack og trampett) og ønskjer å tilby dette til born og unge nærområdet. Starta opp med denne aktiviteten i fjor, og har så langt brukt utstyret som er tilgjengelig ved Stamnes oppvekstun. Dette utstyret er av eldre årgang og me ser no behovet for å oppgradere utstyret, samt få tak i meir eigna utstyr. Turngruppa i Stamnes Idrettslag søker med dette bygdeutviklingsmidler for å gå til innkjøp av AirTrac og Flikk flakk rullesylinder.

Budsjett:

Airtrack m/pumpe : 15 999 kr

Flikk flakk rullesylinder sett : 8495 kr

Total søknadssum: 25 000 kr.

Vonar på positivt svar.

Mvh

Helen Børhaug



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1044

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS OM GRINDVERKSBYGG - STAMNES IDRETTSLAG

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Stamnes idrettslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Idrettslag, v/ Nieves Tur, får tildelt inntil kr. 50 000,- til å gjennomføre kurs om bygging av grindverksbygg. Tilskotet er knytt til utgifter med instruktører, utstyr og materialkostnader.

Tilskotet utgjør 71 % av budsjettet kostnad. Lågåare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.10.24. Etter dette vert midlane trekte attende

Løyving frå Bygdeutviklingsutvalet gjeld berre gjennomføring av kurset. Mogleg søknadsplikt knytt til permanent plassering av grindverksbygget, er ikkje vurdert.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stamnes Idrettslag søker om kr. 70 000,- i tilskot til å gjennomføre kurs om grindverksbygging på Stamnes. Kurset er for bygdefolk og andre med interesse for byggeforma, og det vert søkt om 100 % finansiering.

Føremålet med tiltaket er å skape aktivitet i bygda, ved å kombinere læring og sosialt samvær.

Kostnaden med kurset er knytt til leige av instruktører og kostnader med innkjøp av utstyr og

material.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket ligg innanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og gjer framlegg om å løyve inntil kr. 50 000,- til tiltaket. Dette er kr. 20 000,- mindre enn søknadsbeløpet.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 25.08.22, søker Stamnes Idrettslag, v/ Neives Tur, om kr. 70 000,- i tilskot til å gjennomføre kurs om grindverksbygg for bygdefolk og andre interesserte.

Føremålet med tiltaket er å skape aktivitet i bygd, og å kombinere læring med å møtast. Tiltaket vil vere knytt til Allaktivitetshuset, og kan nå andre målgrupper enn kva andre aktivitetar i bygda gjer.

Motivasjonen for kurset er at grindverksbygg representerer ein gamal tradisjon i området, med fleire bygg langs fjorden. Byggjeforma skapar engasjement, og kurset vil i tillegg til å gje auka kompetanse, vere med å halde gamle tradisjonar ved like. I dette høve vil det bli trekt vekslar på kompetente instruktørar, i følge søknaden.

Kostnadsoppsettet for kurset, er som følgjer:

- Instruktørar og utstyr : kr. 30 000,-
- Byggjematerial : kr. 30 000,-
- Transport, material : kr. 10 000,-

Det vert søkt om fullfinansiering (kr. 70 000,-). Kurset er planlagt til hausten 2022.

Tanken er å plassere grindverksbygget på eigna stad i bygda når det er ferdig. Dette som ein mogleg, ny møteplass.

Formelt grunnlag:

- Kommuneleva - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden sitt innhald er tilstrekkeleg i høve til bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer.

Planlagt tiltak er meint å vere eit praktisk og lærerikt kurs for bygdefolket, med bakgrunn i lokal handverkstradisjon. Tiltaket vert soleis vurdert å vere i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, om å leggje til rette for aktivitetar, engasjement og lokale møteplassar. Her seier retningslinjene at det mellom anna kan gjevast midlar til kurs og opplæringstiltak.

Søklar søker om fullfinansiering av kurset, men Kommunedirektøren ser det som mest naturleg

med ei delfinansiering. I dette høve kan deltakaravgift eller bruk av egne midlar vere aktuelt. Verdien av eige arbeid er ikkje spesifisert i søknaden, men vil truleg gjere seg gjeldande ved planlegging og gjennomføring.

I følge tilskotsordninga sine retningslinjer, skal ein ta omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane. I dette høvet er Stamnes den grenda som har fått flest tilskot til tiltak. Dette vitnar om stort engasjement, som er bra! Likevel er det naturleg å ta omsyn til tidlegare løyvingar ved tildeling av nye tilskot. Her vil talet på søknadar, med samla søknadssum og tilgjengelege midlar, spele inn, saman med kva type tiltak det vert søkt om støtte til (karakter/innhald).

Ved denne søknadsomgangen er det søkt om meir midlar enn kva som er tilgjengeleg, og ei prioritering må gjerast.

På bakgrunn av ei samla vurdering, finn Kommunedirektøren grunnlag for å løyve midlar til kurs om bygging av grindverksbygg. Grunngjevinga er at tiltaket fremjar aktivitet med utgangspunkt i læring og lokal kultur. Innstillinga i dette høvet er å løyve inntil kr. 50 000,- til kurset, som utgjer 71 % av budsjettert kostnad og kr. 20 000,- mindre enn kva det er søkt om.

Bruken av midlane bør knytast til utgifter ved innleige av instruktørar og kjøp av byggjematerial.

Stamnes Idrettslag
Allaktivitetshuset v/ Nieves Tur
Kallestadvegen 21
5727 Stamnes

Stamnes 25.08.22

Vaksdal Kommune

Søknad om bygdeutviklingsmidler

Som de kjenner til så står Stamnes idrettslag økonomisk ansvarleg for Allaktivitetshuset, så søknaden vert sendt inn herunder. Visjonen til gjengen som driftar Allaktivitetshuset er nettopp det å skape aktivitet for alle, ung som eldre og alle innimellom. For å få engasjert fleire aldersgrupper så har me, i haust, lyst til å gjennomføre eit prosjekt der ein får opplæring i å byggje eit grindverksbygg. Fasilitetene rundt og i Allaktivitetshuset passar godt til denne aktiviteten, også seinhaustes. I tillegg så vil det ferdige grindverksbygget enkelt kunne demonteres og føres opp andre stader, og soleis kunne vera ein ny møtestad for bygdefolket. Langs fjordane våre står det fleire slike bygg som vitnar om gamle tradisjoner med grindverksbygging, så dette engasjerer i bygda. Dette kurset vil gå over eit par helger og vil såleis skape aktivitet i bygda, og vera ein god sosial arena for å møtes. I tillegg vil det også gi auka kompetanse i bygda for denne gamle byggemåten og soleis vera med å halda tradisjonar i hevd.

Då lokal produsent ikkje hadde tilgjengelig materiale på lager, blir det ekstra kostnader for materiale og transport.

Budsjett:

Kurs Grindverksbygg (instruktør og utstyr) : 30 000 kr

Byggemateriale: 30 000 kr

Transport av materiale: 10 000 kr

Total søknadssum: 70 000 kr.

Vonar på positivt svar.

Mvh

Nieves Tur.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/695

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL "FRILUFTSSKOLE" PÅ STANGHELLE 2022 - BERGEN OG HORDALAND TURLAG

Vedlegg:

220523 Søknad Friluftsskole Vaksdal kommune 2022
Rapport Friluftsskolen i Agnavika

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bergen og Hordaland Turlag, Helene Ødven, får tildelt kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre «friluftslivsskole» for born i Agnavika på Stanghelle, sommaren 2022.

Løyvinga utgjer 27 % av faktiske kostnadar på kr. 75 061,-. Tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot) .

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bergen og Hordaland Turlag søker om kr. 20 000,- i tilskot til å halde «friluftsskole» på Stanghelle sommaren 2022, med born som målgruppe.

Tiltaket er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål om å leggje til rett for aktivitets- og opplevingstilbod i kommunen. Ved handsaming er det lagt spesiell vekt på at tilbodet er for «dei minste», med vekt på læring og meistring.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 20 000,- til gjennomføring av tiltaket. Beløpet utgjer 27 % av faktiske kostnadar (kr. 75 061,-), og er ikkje knytt opp til ein prosentvis finansiering av

godkjende kostnader.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- til rådvelde i tilskotsmidlar for søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 24.05.22, søker Bergen og Hordaland Turlag, ved Helene Ødven, om kr. 20 000,- i tilskotsmidlar frå Bygdeutviklingsutvalet til gjennomføring av «friluftsskole» i Agnavik på Stanghelle, sommaren 2022. Målgruppa er born i alderen frå 10 -13 år, med plass til inntil 25 deltakarar.

«Friluftsskolen» tek utgangspunkt i eit fast opplegg. Målet er å gje deltakarane lystbetont introduksjon i friluftslivet, etter tilsyn og rettleiing frå utdanna instruktørar. Turlaget har lokallag i Vaksdal kommune.

«Friluftsskolen» i Agnavika vart gjennomført frå 4. til 8 juli, med 13 deltakarar. Tilbakemeldinga frå søkjar er at tiltaket i stor grad vart gjennomført som planlagt. Tilsendt oppsett viser kr. 75 061,- i totale utgifter, medan det vart budsjettert med kr. 90 000,-.

Finansieringa av tiltaket er knytt til deltakaravgift, tilskot frå Vaksdal kommune og andre tilskotsordningar. Sjå vedlagt rapport, med oversikt for kostnader og inntekter.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden innfrir krava til innhald etter retningslinene for bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotsmidlane skal vere til ålmenn nytte, og stimulere til trivnad og levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike aktivitetar og gjeremål.

Tiltaket det vert søkt om midlar til, fell innanfor dei nemnde føremåla. Kommunedirektøren legg spesielt vekt på at «friluftsskolen» er eit fritidstilbod for born i skuleferien, med læring, meistring og gode opplevingar som utgangspunkt.

«Friluftsskolen» som tilbod, er godt organisert, kvalitetssikra og tilrettelagt, med tilsyn og kvalifisert rettleiing.

Det vert ikkje vektlagt at tiltaket vart gjennomført før Bygdeutviklingsutvalet sitt møte i september.

Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve, løyvd midlar til liknande tiltak, som aktivitetsleir i Hesjedal.

Stanghelle har ved tidlegare høve motteke bygdeutviklingsmidlar til andre tiltak, men mindre enn mange andre bygder. Kommunedirektøren legg difor mindre vekt på tidlegare tildelingar ved

handsaming av gjeldande søknad.

Med bakgrunn i søknaden sitt føremål og innhald, og tilgjengelege midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr 20 000,- i tilskot til «friluftsskole» i Agnavika i 2022. Innstillinga er at tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot). Utbetaling skjer etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

FRILUFTSSKOLEN

Vaksdal kommune,

v/ordfører Hege Eide Vik

Søknad om økonomisk støtte til Friluftsskoler i Vaksdal kommune sommer 2022

Vi søker herved om økonomisk støtte på kr. 20 000 for en friluftsskole som skal arrangeres i Vaksdal sommer 2022.

Friluftsskolen er et ferietilbud i nærmiljøet for barn og ungdom, med hovedfokus på 10–13-åringer. Målet med Friluftsskolen er å gi deltakerne lystbetont introduksjon til friluftsliv. Disse skal i all hovedsak være frilufts relaterte. Friluftsskolen arrangeres på dagtid over 3 til 5 dager. Det kan være én overnatting, men er ikke et sammenhengende leirtilbud. Friluftsskolen skal normalt være åpen for alle og med lav deltakeravgift. Friluftsskolen er et samarbeid mellom Den Norske Turistforeningen og Friluftsrådenes Landsforbund.

I 2022 planlegger vi et slikt tilbud for barn mellom 10 og 13. Vi vil være avhengig av å få ansatt 5 leirledere der en av dem vil ha hovedansvaret for gruppen. Alle våre leirledere må ha godkjent livredningskurs og førstehjelpskurs, kompetanse som er viktig å ha med seg videre i livet.

Påmeldingsavgift for deltakerne er på kr. 500 for medlem og 650 for ikke medlem i DNT. Vi vil i tillegg tilby gratisplasser til de barna som trenger det, da må dette være i tett samarbeid med nøkkelpersoner som jobber i kommunen. Dette må avklares i god tid før leirene starter. Vi setter av 5 gratis plasser på hver av Friluftsskolene.

Deltakerne skal etter disse tre-fem dagene sitte igjen med mange gode minner og erfaringer med enkelt og naturvennlig friluftsliv. I tillegg til mye tid til både frilek og badeaktiviteter er det fire obligatoriske temaer som vi skal innom på Friluftsskolene våre:

- Allemannsrett og ferdselskultur
- Kartforståelse
- Raste – og leirplass
- Tur eller ekspedisjon

Det var i 2020 første gang Bergen og Hordaland Turlag arrangerte Friluftsskoler og vi opplevde dette som en suksess. Vi håper at vi kan få til kjekke dager for mange barn i Vaksdal kommune i sommer.



Nye vennskap og fine sommerminner



Blide og flinke leirledere



God sommerstemning



Kjække aktiviteter med dyktige instruktører, her fra kajakk med God Tur.no.

Det søkes om midler som være med å bidra til å dekke utgifter som honorar til leirledere, transport for leirledere, markedsføring av tilbudet, innkjøp av mat og eventuelt nødvendig utstyr og leie instruktør til for eksempel kajakk. Det er ulike aktiviteter fra år til år, men kajakk er en gjenganger. Det er ellers litt opp til leirledere hva de kunne tenke seg å ha med på programmet og dette planlegges sammen med administrasjonen. Det kan være aktiviteter som hesteridning og gårdsbesøk til seilbåt eller klatring med instruktør.

Vi søker også midler fra Vestland Fylkeskommune, DNT og Bufdir. For en friluftsskole har vi et budsjett på;

Inntekter pr. Friluftsskole	
Deltakeravgift (20 deltakere x kr.650)	13000
Kostnader pr. friluftsskole	
Honorar leirledere	32000
Leie instruktør	15000
Transport	5000
Mat	4000
Markedsføring	1000
Eventuelt utstyr	3000
Kurs for leirledere	2000
Koordinering og administrasjon	29000
Kostnader total	90 000

Vi søker om støtte fra **Vaksdal kommune** til å avholde en friluftsskole i 2022.

Vi håper at dere vil vurdere vår søknad. På forhånd mange takk.

Med vennlig hilsen

Sign.

Hild Fjermestad Aase,

Prosjektansvarlig for Friluftsskole

Sign.

Helene Ødven

Daglig leder

Sign.

Elisabeth Skage

Styreleder

Rapport Friluftsskole Agnavika 2022

Arrangert: Uke 27 4.juli-8.juli

Påmeldingsavgift: kr 500,- DNT-medlem kr 640,- ikke-medlem

Ansatte: 4 leirledere som alle har gjennomført livredningskurs i vann og grunnleggende førstehjelpskurs.

Deltakere: 13

Det var for første gang Bergen og Hordaland Turlag arrangerte Friluftsskole i Vaksdal kommune. Det var plass til 25 deltakere, men bare 13 påmeldte. Vi markedsførte Friluftsskolen bredt i sosiale medier og på våre nettsider i tillegg til annonse i Vaksdalposten. Vi hang også opp plakater flere steder i kommunen. Vi har også sendt ut e-poster til blant annet skoler og informert om tilbudet.


Vi vil trenge hjelp til å markedsføre dette tilbudet videre for neste år slik at vi får flere deltakere. Vi har også gratisplasser satt av for de som kommer fra lavinntektsfamilier.

Med aktiviteter som kajakkpadling med instruktør, mat på bål, gårdsbesøk og ellers utelek og friluftrelaterte aktiviteter ble det en god opplevelse for deltakerne til tross for mye nedbør som også gjorde at overnattingen måtte avlyses.

Friluftsskolen er et ferietilbud i nærmiljøet for barn og ungdom, med hovedfokus på 10–13-åringene. Målet med Friluftsskolen er å gi deltakerne lystbetont introduksjon til friluftsliv. Disse skal i all hovedsak være friluftrelaterte. Friluftsskolen arrangeres på dagtid over 3 til 5 dager. Det kan være én overnatting, men er ikke et sammenhengende leirtilbud. Friluftsskolen skal normalt være åpen for alle og med lav deltakeravgift. Friluftsskolen er et samarbeid mellom [Den Norske Turistforeningen](#) og [Friluftsrådets Landsforbund](#).

Vi håper at vi kan gjennomføre ny Friluftsskole neste sommer, men er avhengig av å få inn nok tilskudd og håper Vaksdal kommune vil bidra slik at vi kan sette opp dette tilbudet også i 2023.

Kostnader	
Lønn prosjektleder og sommerhjelp administrasjon	25 000
Mat til deltakere, transport leirledere, tog for deltakere Stanghelle-Bolstad	2 432
Kajakk instruktør	7 500
kursholder ferskingkurs i friluftsliv	5 000
Lønn leirledere	26 000
Arbeidsgiveravgift	3 666
Transport leirledere	3 176
Annonse i Vaksdal Posten	2 051
Bank- og kortgebyr	236
Total	75 061
Inntekter	6 500
Diverse tilskudd	48 561
Tilskudd Vaksdal kommune	20 000
Total	75 061



Badeglede, her fra Vollane



Mye regn i uke 27, men glade barn og leirledere. Her fra Vikjo, Kvinnherad



Det ble masse bading og lek med kajakk. Vi hadde med oss Ronny fra God Tur på alle Friluftsskolene





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/944

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSBROSJYRE OM NOTFISKE ETTER LAKS - "LAKSGILJO"

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Laksagiljo
Kostnad med utvikling av brosjyre - Laksegiljo

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Laksegiljo», ved Geir Magne Gammersvik, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utarbeiding av brosjyre om notfiske som tradisjon og kultur i fjordane kring Osterøy.

Tilskotet utgjer 65 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon, vert kostnaden eks mva. lagt til grunn.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

«Laksegiljo» er ein interesseorganisasjon for å formidle og ta vare på kulturen knytt til notfiske etter laks i fjordsystemet kring Osterøy.

Organisasjonen søker om kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å lage brosjyre om fjordfisket.

Kommunedirektøren finn at tiltaket er innanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og gjer framlegg om å løyve kr. 10 000,- i tilskot til informasjonstiltaket.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege midlar til fordeling ved gjeldande søknadsomgang.

I søknad av 29.08.22 søker «Laksegiljo», v/ Geir Magne Gammersvik, om kr. 10 000,- til å utarbeide ein brosjyre om notfiske etter laks og sjøaure kring Osterøy, inkludert fjordane og grendene i Vaksdal kommune.

«Laksegiljo» er etablert for å ta vare på og formidle kulturen knytt til laksefiske i fjorden. Organisasjonen har stor oppslutnad hos noteigarar/grunneigarar i Vaksdal kommune.

Organisasjonen sitt mål er å hindre forfall og å sikre laksegiljene sin utsjånad/funksjon, og det ligg føre planar om arbeid på dei 9 giljene i kommunen. I tillegg vert det lagt vekt på å skape merksemd om den lokale historia som fjordfisket representerer, og å leggje til rette for opplevingar i reiselivssamanheng, mellom anna ved guida turar og kunnskapsformidling.

Brosjyren det vert søkt om stønad til, vil ta for seg dei nemnde forholda, mellom anna reiselivsdelen, med omvising på giljene.

Budsjettet i søknaden viser følgjande kostnader:

- Førearbeid brosjyre, 30 t, a kr 250,-/t : kr. 7 500,-
- Trykking : kr. 8 000,-
- SUM : kr. 15 500,-

Det er søkt om kr. 10 000,- i finansiering frå Bygdeutviklingsutvalet (65 %), medan kr. 5 500,- er eigen/annan finansiering (35 %).

Formelt grunnlag:

- Kommuneleva - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å ha naudsynt innhald for saksvurdering og vedtak.

I følgje retningslinjen skal bygdeutviklingsmidlane mellom anna leggje til for engasjement og opplevingar lokalt. I dette høvet kan det mellom anna løyvast midlar til informasjonsmateriell som formidlar kunnskap og fremjar aktivitet.

Kommunedirektøren finn at søknaden frå «Laksegiljo» fell innanfor føremålet med midlane. Grunngevinga er at giljene utgjer ein viktig kulturhistorie, med formidlingverdi som bygdesamfunna identifiserer seg med. Laksefisket i fjorden representerer soleis ein viktig tradisjon, og kulturplanen for Vaksdal peikar på giljene som viktige å ta vare på. Giljene representerer soleis noko særmerkt for kommunen.

Det at grunneigarane no engasjerer seg i vøle/ta vare på laksegiljene, vert òg vurdert å ha verdi i reiselivssamanheng. Grendene langs fjorden, til dømes Stamnes, er kjende for desse

installasjonane,

som i seg sjølv kan føre til ønskje om å vitje området. I dette høvet vert det enkelte stader lagt til rette for guida turar, som grunnlag for ytterlegare aktivitet, noko som brosjyren vil informere om.

Retningslinene for bygdeutviklingsmidlane seier at ein skal ta omsyn til geografisk fordeling. Søknaden om midlar til brosjyren, inkluderer fleire grender, og det er gjeve midlar til tiltak i desse områda, tidlegare. Med bakgrunn i søknadssummen og tiltaket sin karakter, vurderer ikkje Kommunedirektøren dette til hinder for ny tildeling.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 10 000,- i tilskot til «Laksegiljo», for å lage informasjons-brosjyre om notfisket i fjorden. Løyvinga er knytt til kr. 15 500,- som godkjend kostnad, og utgjer 65 % i tilskot.



Stamnes 03.08.22

Til

Vaksdal Kommune

v/Bygdeutviklingsutvalet.

Søknad om støtte til organisasjonen Laksagiljo.

Laksagiljo er ein interesseorganisasjon for å ta vare på kulturen med laksefiske i fjordsystema rundt Osterøy og inn til Bolstad. Organisasjonen vart danna i 2020 og formelt godkjent med eige styre i 2021. Målet er å ta betre vare på gjennståande utstyr, kunnskap og heile kulturen rundt dette spesielle fisket. Det er utført ein god del arbeid av grunneigarane på gjennståande laksegiljer, kaiar og nothus. Det står no 9 giljer att i Vaksdal Kommune og to på Kleiveland i Osterøy.

Me håpar Vaksdal kommune vil vera med å støtta oss i dette arbeidet, slik at ein klarar å ta vare på denne unike kulturen inn i framtida.

Laksagiljo søker om 10 000 kr i støtte i 2022 frå bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal.



For styret

Geir Magne Gammersvik

Stamnes

Fra: Geir Magne Gammersvik <geim-g@online.no>
Sendt: mandag 29. august 2022 15:14
Til: Tore Henrik Øye
Emne: Re: Laksagiljo
Vedlegg: Søknad om midler frå bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal Kommune.pdf

Hei.

Midlane som er søkt om er tiltenkt ein brosjyre som laget ynskjer å gje ut. Planen er at den inneheld informasjon om fiskekulturen, bilder og tekst, også med informasjon om høve til delyaking i organisasjonen og omvisning.

Noko slikt:

1.	Forarbeid brosjyre 30 timar a kr 250 pr/time	7500
2.	Trykking	8000
	sum	15500,-

mvh
Geir Magne

Den 26.08.2022 14:30, skrev Tore Henrik Øye:

Hei igjen.

Ser no på søknaden om bygdeutviklngnsmidlar til Laksagiljo.

Eg er litt usikker på kva midlane skal nyttast til? Er det drfit av organisasjonen, eller dirkete tiltak knytt til giljene.

Det er viktig at dette kjem fram, med ei konkretisering av bruk, og kostands-/finansieringsoppsett.

Kan du evt. ettersende dette?

Vennleg helsing
Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk
91 12 73 37
tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no
<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1017

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTANDØRS BORDTENNISBORD VED ALLAKTIVTETSHUSET PÅ STAMNES - STAMNES UNGDOMSKLUBB

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Stamnes ungdomsklubb

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, får tildelt kr. 18 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utandørs bordtennisbord til bruk ved Allaktivitetshuset på Stamnes.

Tilskotet utgjør 100 % av budsjettert kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare kostnad gjev lågare tilskot. Ved momsrefusjon vert tilskotet knytt til eks. mva.

Løyvinga gjeld i to år, fram 01.10.2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stamnes Ungdomsklubb søker om kr. 18 000,- til innkjøp av utandørs bordtennisbord med tilhøyrande utstyr. Bordet skal stå ved Allaktivitetshuset på Stamnes, og utgjere ein heilårsaktivitet.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål om å fremje aktivitetar og opplevingar lokalt.

Innstillinga er å løyve kr. 18 000,- til innkjøp og montering av bordtennisbordet.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege tilskotsmidlar til fordeling ved søknads-omgangen i september 2022.

Stamnes Ungdomsklubb, v/ Monica Dyvik, planlegg innkjøp av utandørs bordtennisbord med utstyr, for å leggje til for heilårs, utandørs aktivitet ved Allaktivitetshuset på Stamnes. I dette høvet er det søkt om midlar frå Bygdeutviklingsutvalet.

Bordtennisbordet vil vere tilgjengeleg for alle på Stamnes/i nærområde. Målet er at tiltaket vert eit populært og mykje nytta tilbod i bygda.

Budsjettet viser følgjande kostnader:

- Utandørs bordtenningsbord : kr. 15 999,-
- 6 stk bordtennis-racetar : kr. 1 134,-
- Utandørs bordtennis-baller : kr. 207,-
- Monteringsutlegg : kr. 1 000,-

Eigeninnsatsen er ikkje spesifisert, og inngår ikkje i søknadssummen.

Det vert søkt om å få finansiering for heile kostnaden. Sjå vedlagt søknad for nærare informasjon.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar

Søknaden sitt innhald er tilstrekkeleg i høve til bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer.

Planlagt tiltak legg vekt på å utvikle eit nytt aktivitetstilbod på Stamnes, til bruk for «alle», med vekt på born og ungdom som målgruppe. Tiltaket er soleis i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, om å leggje til rette for breie og lett tilgjengelege aktivitetar og opplevingar lokalt.

I mange tilfelle vil ein setje krav til eigenfinansiering ved søknad om bygdeutviklingsmidlar, men gjeldande søknad er fremja av ei ungdomsklubb, med stor eigeninnsats i botn for drifta av klubben. Det er difor naturleg å leggje opp til ei fullfinansiering av tiltaket det vert søkt om midlar til.

I følgje retningslinjene for tilskotsordninga, skal ein ta omsyn til geografisk fordeling ved tildeling. I dette høvet er det ingen andre grender som har fått like mange løyvingar som Stamnes, og ved denne omgangen er det søkt om tilskot til heile seks tiltak i området. Det er òg ved fleire, tidlegare høve gjeve tilskot knytt til Allaktivitetshuset i bygda.

Tidlegare løyvingar til Stamnes er vektlagt ved handsaming av søknaden om midlar til bordtennisbord, og vurdert opp mot andre, innkomne søknadar. Kommunedirektøren finn tiltaket som eit konkret og aktivitetsfremjande tilbod, spesielt for den yngre garde, og soleis viktig å

prioritere. Tiltaket fell også saman med Bygdeutviklingsutvalet si presisering ved siste revisjon av retningslinene, om å vektleggje aktivitetar og opplevingar ved tildeling av midlar.

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr. 18 000,- til innkjøp av bordtennisbord med utstyr i regi av Stamnes Ungdomsklubb. Framlegget er i tråd med søknaden, og løyvinga utgjer fullfinansiering. Føresetnaden er at midlane blir nytta som omtalt. Lågare kostnad vil gje lågare tilskot.

Stamnes Ungdomsklubb
v/ Monica Dyvik
Toskedalsvegen 213
5727 Stamnes

Stamnes 22.08.22

Vaksdal Kommune

Søknad om bygdeutviklingsmidler

Stamnes Ungdomsklubb ønskjer seg ein heilårs utandørsaktivitet og søker med dette om midler til innkjøp av utendørs bordtennisbord med tilhøyrande racketer og baller. Det er god plass til å montere dette ved ungdomsklubben sine lokaler i Allaktivitetshuset på Stamnes. Eit slikt utandørstilbod vil også vera tilgengeleg for alle andre som nyttar seg av huset og nærområdet, og vil såleis vera eit kjærkomment tilbod til bygda elles.

Budsjett:

Utendørs bordtennisbord : 15 999 kr
6 stk. bordtenni-racket : $189 \text{ kr} \times 6 = 1134$
Utendørs bordtennis-baller: $169 \times 3 = 207$
Monteringsutlegg : 1000 kr

Total søknadssum: 18 000 kr.

Vonar på positivt svar.

Mvh

Monica Dyvik



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/945

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES FISKEFESTIVAL OG STAMNES UNGDOMSHUS - STAMNES BYGDALAG

Vedlegg:

Billettinntekter, Stamnes fiskefestival 2022

Søknad om midler til nye stolar og bord for Stamnes Bygdalag

Søknad om stønad til fiskefestival på Stamnes. 0822

Søknad om stønad til oppgradering av Stamnes Ungdomshus Frilund

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Bygdalag får følgjande tildeling av bygdeutviklingsmidlar:

- Kr. 40 000,- til å dekkje utgifter med ulike kulturaktivitetar på Stamnes fiskefestival i 2022 (fast beløp – eingongssum)
- Kr. 50 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus (fast beløp – eingongssum)
- Inntil kr. 20 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus (60 % av dokumentert kostnad).

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stamnes Bygdalag søker om kr. 655 000,- i bygdeutviklingsmidlar, fordelt på følgjande tiltak:

- Kr. 75 000,- til å dekkje utgifter til kulturtiltak ved Stamnes fiskefestival i 2022.

- Kr. 30 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus
- Kr. 550 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus

Tiltaka er vurdert til å samsvare med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, med retningslinjer for tildeling, og tidlegare praksis for løyvingar til liknande tiltak. Kommunedirektøren går i dette høvet inn for følgjande tildelingar:

- Kr. 40 000,- til å dekkje utgifter til ulike kulturaktivitetar ved Stamnes fiskefestival i 2022 (fast beløp/eingongssum)
- Inntil kr. 20 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus
- Kr. 50 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus (fast beløp/eingongssum)

Grunngjevinga for innstillinga går fram under «Vurdering og konsekvensar» i sakshandsaminga. Tilskota vert betalt ut etter innsendt sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har tilgjengeleg kr. 275 000,- i tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 01.08.22 søker Stamnes Bygdalag, v/ Geir Magne Gammersvik, om følgjande tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet:

- Kr. 75 000,- til å dekkje kulturutgifter ved Stamnes fiskefestival i -22 (artisthonorar m.m.)
- Kr. 35 000,- til innkjøp av stolar og bord til Stamnes Ungdomshus. Kostnadsoverslag ligg ved
- Kr. 550 000,- til vedlikehald av Stamnes Ungdomshus (både utførte og planlagte tiltak);
 - *Skifte av dører og glas + muring og maling m.m.*
 - *Sikring av eksisterande brønn/vasstilkomst + boring av ny brønn*
 - *Sikring av galleri + oppgradering av sal og elektrisk opplegg m.m.*

Det går fram av søknaden at både ungdomshuset på Frilund og fiskefestivalen på Stamnes dannar grunnlag for viktige kultur- og opplevingstilbod på Stamnes, i form av lagsaktivitetar, aktivt bygdeliv, dugnadsånd, profilering av bygda og opplevingar for tilreisande.

Det er knytt vesentlege kostnadar til å halde ungdomshuset ved like, og å skape eit attraktivt innhald på fiskefestivalen, i følge søkjar. Mykje dugnad og eigeninnsats vert lagt til grunn, og tildeling av bygdeutviklingsmidlar vil soleis vere motiverande for framtidig innsats. I dette høvet er grunn-gjevinga for søknaden om tilskot til fiskefestivalen, mellom anna at det også vart arrangert ein annan festival i kommunen den same helga (Elvebrus). Noko som truleg hadde innverknad på oppslutninga om fiskefestivalen, og soleis billettinntektene.

Vedlagt kostnadsoppstilling/budsjett for oppgradering av ungdomshuset, med tiltaksplanar, viser ein samla kostnad på kr. 778 124,-. Dette inkluderer både gjennomførte og planlagte tiltak.

Vedlagt oppsett for utgifter til fiskefestivalen viser ein samla kostnad på kr. 155 000,-. Inntektene ved sal av billetter til dei ulike kulturarrangementa, vart om lag kr. 112 000,-.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,-i tilgjengelege midlar til fordeling ved gjeldande søknadsomgang.

Bygdeutviklingsmidlane skal vere til ålmenn nytte, og stimulere til trivnad og levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike aktivitetar og gjeremål.

Tiltaka det er søkt om midlar til, vert i det følgjande vurderte etter nemnde føremål og tilskotsordninga sine retningslinjer. I tillegg vert det lagt vekt på tildelingspraksis.

- STAMNES FISKEFESTIVAL: Festivalen er eit breitt aktivitets- og opplevingstilbod for alle, både unge og gamle. Festivalen har vorte eit merkevarenamn for stamnesbygda, med stor merksemd og deltaking. Den lokale eigeninnsatsen er stor, og kostnadane med tiltaket er vesentlege.

Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve, gjeve midlar til festivalen Elvebrus på Dale. Dette var sett på som tilskot til oppstart av eit nytt, lokalt tilbod, med midlar til teknisk utstyr. Denne støtta vart vurdert å vere i tråd bygdeutviklingsmidlane sitt føremål om å tilretteleggje for/stimulere til ny aktivitet.

Fiskefestivalen på Stamnes er ein etablert festival, med hovudsakleg årlege arrangement, der kulturtilboda vert finansiert gjennom billettinntekter. I dette høvet vurderer Kommunedirektøren at eit eventuelt tilskot til festivalen, bør vere knytt til utvikling/ nyskaping av tiltaket, eller andre særskilde grunnar, og ikkje til vidareføring av vanleg drift.

Det er avgrensa tilgang på bygdeutviklingsmidlar, og ei generell støtte til festivalar og liknande betalingsarrangementet, vil kunne danna ein prakisk for tildeling av tilskot. Det er difor viktig å ha ein avklart strategi og profil for moglege tildelingar. Faste tilskot til slike arrangement frå kommunen, bør evt. takast inn i ordinære budsjett.

I gjeldande høve vert det ut frå to år utan arrangement (covid) og moglege konsekvensar ved to festivalar i kommunen samstundes, funne grunnlag for å gjere framlegg om å løyve kr. 40 000,- i tilskot til Stamnes fiskefestival i 2022. Det som eit eingongsbeløp og enkelttilfelle.

- INNKJØP AV STOLAR OG BORD TIL UNGDOMSHUSET: Tiltaket kan i utgangspunktet sjåast på som drift, gjennom innkjøp av naudsynt inventar, utan tilskotsrett i høve til tilskotsordninga

sine retningslinjer. Men Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve gjeve tilskot til same type tiltak («Vintertreffet»), og Kommunedirektøren finn difor grunnlag for å tilrå ei løyving, med tilsvarande tilskotsgrad (60 % av dokumenterte utgifter).

- VEDLIKEHALD AV STAMNES UNGDOMSHUS: Det har ved fleire høve vore søkt om midlar til reparasjon og vedlikehald av ungdomshus, som grunnlag for lokalt lagsliv. Bygdeutviklings-utvalet har diskutert det prinsipielle ved å tildele midlar til slike tiltak, og kome fram til at konkrete aktivitets- og opplevingstilbod skal vektast høgare enn tilskot til bygg/ungdomshus, Det er likevel løyvd midlar til oppgradering av ulike lagshus i kommunen, der utvalet hovudsakleg har lagt seg kr. 50 000,- i tilskot, uavhengig av kostnad. I eitt høve er det løyvd kr. 100 000,-. Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 50 000,- i tilskot til oppgradering av grendahuset på Stamnes.

Det er ved tidlegare høve søkt om midlar til tiltak i og kring Stamnes. Retningslinene for tilskotsordninga seier at geografisk fordeling skal vektleggjast ved tildeling. Dette er teke med i vurderinga, men ein finn grunnlag for ei løyving til dei aktuelle tiltaka.

Fra: Geir Magne Gammersvik <geim-g@online.no>
Sendt: tirsdag 23. august 2022 13:12
Til: Tore Henrik Øye
Emne: Re: Stamnes fiskefestival

Hei.

Salg show, 115 billetter
Dans 179

Sum billett sal: 111850,- kr ca.

Me var bekymra då dei hadde festival på Dale. Men da kom nokre til oss likevel. Fornøyd tross alt, men hadde plass til fleire.

Mvh
Geir Magne

Den 23.08.2022 12:13, skrev Tore Henrik Øye:

Takkar for oppsettet.

Veit du kor mykje billettsalet utgjorde?

Vennleg helsing
Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk
91 12 73 37
tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no
<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Stamnes Bygdalag

V/GM Gammersvik

5727 Stamnes

Stamnes 01.08.22

Til

Vaksdal Kommune

v/bygdeutviklingsutvalget

**Søknad om midler til innkjøp av stolar og bord for grendahuset
Frilund på Stamnes.**

Stamnes Bygdalag søker om stønad frå bygdeutviklingsutvalet til innkjøp av nye stolar og bord. Dette blir nytta i grendahuset under arrangement og det er behov for utskifting av eksisterande utstyr. Me ynskjer å tilby brukarar skikkeleg utstyr og kan låne ut til bygdefolk dersom det er behov for det. Huset blir utleigd til private slik at alle får nytte av dette.

**Stamnes Bygdalag søker om kr 30 000 i støtte til innkjøp av nye bord og stolar til
storsalen i 2.etg.**

Laget har begrensa økonomi og slikt utstyr er dyrt. Me har fått med oss at andre lag og arrangørar i kommunen har fått støtte til slikt utstyr.

Me har fokus på sosiale aktivitetar for folk i alle aldrar, og ta vare på grendahuset. Me håpar at Vaksdal Kommune støttar oss i det frivillige arbeidet som me legg ned for bygda.

No er det vanlege folk sin tur!

Mvh

Geir Magne Gammersvik


For styret

Forslag til budsjett:

8 Bord pakkepris med bordvogn: 11118,75

Stolar 28 x 2 med stolvogn : 23987,50

Sum estimerte kostnader : 35106,25



Pakke

Pakkepris: 8 bord

1530x760 mm, hvit, + 1 bordvogn

Art.nr.: 116492

- Inneholder 8 sammenleggbare bord
- Lett å transportere
- Praktisk oppbevaring

[Les mer](#)

11 118,75

inkl. MVA

1

LEGG TIL

Beregnet levering i løpet av uke 36 ⓘ



Pakke

Stolvogn

Inkluderer 28 stk stoler, svart

Art.nr.: 118642

- Inklusive 28 stoler
- Svarte eller hvite
- Pakkepris!

[Les mer](#)

Farge: Svart



11 993,75

inkl. MVA

1

LEGG TIL

Beregnet levering i løpet av uke 37 ⓘ



GAV TILSKOT: Utvalslar Eidvin Hesjedal (H) i bygdeutviklingsmøtet tysdag. Foto: Kristine Næss Thorsen

Av [Kristine Næss Thorsen](#)

Publisert: 21.04.22 07:58 

Del

Bygdeutvalet røysta for å gje eit tilskot på 10.000 kroner til innkjøp av klappstolar til bruk på Vintertreffet, som startar i dag, trass i at kommunedirektøren tilrådde å ikkje gje midlar til dette.

Det var Vaksdal Underhaldningslag som søkte om 18.900 kroner til klappstolar til bruk på Vintertreffet. Kommunedirektøren skreiv i forslag til vedtak at tiltaket fell utanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og meinte tilskotet ikkje burde bli gjeve.

Bygdeutvalet vedtok likevel samrøystes å gje 10.000 kroner til Underhaldningslaget.

- Eg tenkjer dette tiltaket, som ein del andre me har behandla, er i grenseland. Ein kan argumentera for at det er innanfor og utanfor føremålet til utvalet. Det som kan tala for, er at det kan komma mange til gode. Vaksdalbygda har heller ikkje fått særleg til bygdeutvikling, og Vintertreffet er eit veldig positivt arrangement, sa Ståle Hesjedal (Ap)mellom anna.

- Kan ikkje argumentera med georgafi

Normann (KrF) meinte argumenta til Hesjedal var gode.

- Men det med geografi kan me ikkje bruka. Då får ein spørsmålet, kvifor fekk dei klappstolar på Vaksdal. Så treng ein kanskje klappstolar på Stamnes, og då skal me bestemma at dei får ikkje, fordi andre i den eine bygda har fått for mykje? Det kan godt vera ein skulle støtta dette, men ein skulle hatt ein annan type søknad som gjekk på eit prosjekt, sa Normann mellom anna.

Ståle Hesjedal viste då til at det står i retningslinjene at geografi er eit kriterium ein skal ta omsyn til.

Edvin Hesjedal (H) sa han hadde lyst å gje tilskot, med tanke på at dette er eit arrangement som er viktig for Vaksdal kommune.

- Dette er ein festival som har vore i mange år, og dei har kjøpt inn desse stolane. Det kan lage ein presedens, men eg var innstilt på at me kunne støtta dei, anten med den summen dei spør om, eller 15.000 kroner.



- Arrangement for heile kommunen

Line Eide Vik (Sp) meinte argumentet om at Vintertreffet er på Vaksdal, ikkje er kjempevesentleg.

- Det er fordi det er eit så stor arrangement, at det er for heile kommunen. Men dei 10.000 kronene me har spart med tanke på andre vedtak i dette møtet, kan eg gjerne vera med på å støtta med her, og det samla utvalet seg om.

Stamnes Bygdalag

V/GM Gammersvik

5727 Stamnes

Stamnes 01.08.22

Til

Vaksdal Kommune

v/Bygdeutviklingsutvalet

Søknad om støtte til gjennomføring av fiskefestival på Stamnes 2022.

På vegne av Stamnes bygdalag søker me om 75 000 kr støtte til festivalen.

Fiskafestivalen på Stamnes har lange tradisjonar og har vore arrangert siste helga i juli snart 50 år. Det har vore eit samarbeid mellom fleire lokale organisasjonar der me prøvar å vise Stamnes frå si beste side. Den har vore godt besøkt med kjekke aktivitetar for folk i alle aldrar. Slik har dette vore eit viktig bidrag til å samle bygda og gje innbyggjarane med tilreisande gode opplevelsar. For organisasjonane er dette eit viktig bidrag til å halda på dugnadsånden og økonomisk gevinst til å drifte vidare.

For å konkurrere med alle andre aktivitetar i samfunnet har me utvida og måtte satsa litt ekstra for kvart år. For 2022 var det kjende artistar i aksjon og det kostar store beløp. Pga pandemien var dei allereie booka i 2019 og utsett til dette året.

Det kom i vår fram at det var planlagt ein ny festival i kommunen. Det synt seg at denne var planlagt til same helga som fiskefestivalen. Ein tok straks kontakt fordi dette ikkje var bra, og prøvde å få dei til å flytte dato. Det lukkast me ikkje med. Prøvde så me Vaksdal kommune om ikkje dei hadde våre faste datoar i sine kallendarar, og søkte om at dei ikkje måtte ha to festivalar same helga. Her fekk ein til svar at dette var bra saker og dei ynskte alle lykke til. Men, Vaksdal Kommune er ikkje stor nok for to festivalar same helga!

For oss er dette omtrent som om vintertreffet på Vaksdal bli arrangert samstundes med Daledagane. Då hadde vorte vertfall nokon sagt frå og gjort noko med det.

Me tykkjer det er bra at det kjem nye arrangement i Kommunen, og er imponert over kva dei har laga til. All æra til dei. Men når dette skjer same helga vil begge partar tapa.

For oss gav festivalen mykje mindre overskot enn det som me hadde håpa. Det er normalt viktig bidrag til å klara å halda unna utgiftene. Søknads summen er same som andre i kommunen har fått for tilsvarande arrangement. Ein gjer merksam på at me driv dette med frivillige organisasjonar på dugnad og mens andre aktørar driv sine for å tena pengar.

Me har fokus på sosiale aktivitetar for folk i alle aldrar, og gjer alt me kan for bygda vår. Då håpar me at Vaksdal kommune støttar oss slik at me kan ha denne festivalen inn i framtida. Dette er viktig for bygdene sin eksistens.

Mvh

Geir Magne Gammersvik

For styret



FISKEFESTIVAL

på Stamnes
29-31.juli 2022



Fredag

Middagshaugen opp
Motbakkeløp (alle aldra)

Sentrum

15:30 Påmelding i Stamnes sentrum.
17:00 START LØP
Trimklasse kan gå fortløpande.
18:00 Premieutdeling i Aktivitetshuset. Sal av drikke og noko å bite i frå kl 16.00

Grendahuset Frilund

21:00 Quiz i grendahuset Frilund. Quiz mester Eirik Vinsjansen. kr 100.
18 års aldersgrense

Søndag

kl 12-15 open utstilling på KUNSTverkstaden.

Lørdag

11:30 Opning utstilling i KUNSTverkstaden. Kunstnar Eva Langhelle.
12.00 Oppstart av aktivitetar på kaien: Hoppeslott og ansiktsmaling/ Grillmat og kafe/
Marknad med lokale produkt og aktørar.
Utstilling i Sjøtun v/veteranklubben
Veteranbussar frå MEB på kaien. Bli med til Skipshelleren.
13:00 Start fiskekonkurranse. Sal av fiskekort frå kl 11.00 (kr 50/ 150)
15:00 Slutt fiske. Innveging av fisk.
15:30 Bilkortesje, veteranbilar med meir.
16:00 Premieutdeling

19:30 Dørene opnar i grendahuset Frilund.
Fri aldersgrense.
20.00 Show med Finn Tokvam, Olav Stedje og Erlend Styve.
'Vi vandrar saman' jubilerar. Populær- musikalsk sladder og rom for allsong. Ope for dei under 18 år med ledsager.
21.30 Vestlandsfanden spelar opp til storkonsert og fiskardans.
18 års aldersgrense

SAL AV BILETTAR: show kr 350, konsert og fiskardans kr. 400
fri entre heile kvelden kr 600 (for dei over 18 år).
VIPPS til Stamnes Bygdalag nr 756034. Vis vips ved inngang.
eller scann QR kode på eigen show/ konsert plakat
Bilettar kan og kjøpast hos Solbjørg Veka Zuliani tlf: 95783633

Våre sponsorar

Leiren Laks / Jernia Rokne
Dale of Norway/Voss aktiv
Norgesmøllene/Fjordline
Myrkdalen skisenter/Armpo
Rødne båt/Voss vind



arrangør
Bygdalaget
Stamnes idrettslag
Brørvikaskuto
Veteranklubben





DISKUTERTE: Politikerane i bygdeutviklingsutvalet har 500.000 kroner i tilskotsmidlar til fordeling i 2022. Foto: Kristine Næss Thorsen

Av [Kristine Næss Thorsen](#)

Publisert: 19.04.22 17:45

Del

Bygdeutviklingsutvalet løyvde tysdag 75.000 kroner til ein musikkfestival på Geitabakken, 100.000 kroner til å gjera «Brørvikskuto» sjødyktig og 20.000 kroner til ei historisk utstilling i Eksingedalen.

VP har tidlegare skrive at dei som også står bak Slice på Stanghelle skal arrangera ein musikkfestival på Geitabakken i sommar. Til bygdeutviklingsutvalet vart det søkt om 75.000 kroner i tilskot til arrangementet, noko utvalet samrøystes vedtok å tildela.

Arne Normann (KrF) hadde fleire spørsmål i saka.

- Er dette ein oppstart? Eller skal ein støtta festivalen kvart år, spurde han. Det er eit springande punkt for meg. Ofte er det jo slik, at kommunen går ut og gjev ein underskotsgaranti, sa Normann.

Evy Kvamme (SV) og Line Eide Vik (Sp) var også positive til å støtta festivalen.

- Den kan vera med å setja Vaksdal kommune på kartet, meinte Kvamme.

Bra interesse for festival

Ståle Hesjedal (Ap) var positivt innstilt til saka.

- Eg tenkjer me støttar ein oppstart. Dei unge arrangørane har null i kapital, utanom det dei satsar sjølv. Dei treng ein del pengar til å inngå avtalar om lyd, lys og scene. Eg ser på Facebook at dei allereie har selt om lag 100 billetter, så det ser ut som det er stor interesse for festivalen. Om dette vert bra, kan det vera noko som kan skje kvart år, sa Hesjedal.

Stamnes Bygdalag

V/GM Gammersvik

5727 Stamnes

Stamnes 01.08.22

Til

Vaksdal Kommune

v/bygdeutviklingsutvalget

Søknad om midler til naudsynt vedlikehald og oppgradering av Stamnes Ungdomshus Frilund.

Stamnes Bygdalag søker om stønad frå bygdeutviklingsutvalet til å ta vare på grendahuset frilund. Huset er sett opp i 1952 av teglstein, den gong også alt på dugnad. Det er i god stand, men det er alltid behov for vedlikehald og forbetringar. Det er svært kostnadskrevjande sjølv om mesteparten blir utført på dugnad. Utgiftene aukar for kvart år.

Dei to siste åra har me utført mykje med huset og mykje gjenstår. Me har skifta vindaug i salen nede og oppe. Skifta dører, montert vifteanlegg og malt. Sidan dette er eit murhus er det mykje vedlikehald utvendig for å unngå fuktigheit. Det er også montert eit nytt gjerde på framsida oppå muren for å unngå farlege situasjonar for folk. Pga plassering av huset er det ikkje mogleg å kobla seg til kommunalt vassverk. Kvaliteten på vatnet i eksisterande brønn er ikkje tilfredstillande og me ynskjer difor å bore etter vatn. Det er svært viktig for oss å kunne tilby eit hus som er i god stand, sikkert, med skikkeleg utstyr og med godkjent vatn.

Stamnes Bygdalag søker om 550 000 kr i støtte til prosjektet ta vare på Stamnes Ungdomshus inn i framtida.

Me meiner at Stamnes Bygdalag har ei svært viktig rolle i bygda Stamnes. Laget blir drifta godt med eit aktivt styre. Slik håpar me det også kan vera inn i framtida med støtte me kan få frå alle.

No er det vanlege folk sin tur!

Mvh

Geir Magne Gammersvik

For styret

Budsjett oppgradering av kjellar i Frilund. Dette er utført i 2020-21

	Tiltak	Sum
1.	Skifte glas iht tilbod Tømmestokken	108 841
2.	Rydding ifm skifte, inkl bosskjøring 32 timar dagnad a kr 250 pr time	8 000
3.	Maling og etterarbeid, 64 timar dagnad a kr 250 pr time	16 000
4.	Mura att glas ved viftehus, 32 timar a kr 250 pr time	8 000
5.	Montera tak over inngangsdør, 80 timar a kr 250 pr time	20 000
6.	Skifte dør til vifterom, 22 timar a kr 250 pr time	5 500
7.	Rydding, finpuss, etterarbbeid, mat, 20 timar a kr 250 pr time	5 000
	Sum budsjettert	171 341 kr

Budsjett oppgradering av hus Frilund. Dette er utført i 2021 – 22

	Tiltak	Sum
1.	Pussing av skadar på mur, lekkasjer. 40 timar dagnad a kr 250 kr pr time	10 000
2.	Maling av huset på framsida, stillas maling og 76 timar dugad a kr 250 kr pr time	19 000
3.	Innkjøp av ustyr til kjøkken	14 000
4.	Bytte av glas i salen oppe ith tilbod frå Pettersen	147 281
5.	Etterarbeid ifm bytting av glas. Rydding, vasking, boss, maling. 25 timar a kr 250 pr time	6 250
	Sum budsjettert	196 531

Budsjett Stamnes Ungdomshus Frilund 2022

	Tiltak	Tilbod	Egeninnsats	Sum
1	Skifting av glas Scene for betre tetting for lekkasjar og trekk. Førbyggjande for utilsikta opning og farer. Når dette er utført er alle defekte glas skifta ut. Huset har fått eit stort løft.	Tømrar Pettersersen 33 601,-	Renovasjon, rydding, vasking etter utførelse. 60 timar a 250 = 15 000,-	48 601,-
2	Boring av brønn etter vatn. Huset har ein eigen brønn som er gammal. Vatnet er brunt og ikkje drikkande. Huset ligg plassert slik til at det ikkje er mogleg å kobla seg til kommunalt vassverk. For vidare drift av huset er det naudsynt med tilfredstillnade og godkjent vatn.	Vestnorsk Brønnboring: 118 151,-	Grøft til bore hull. Elektrisk oppkobling og forsyning. 100 timar a 250 = 22 500,-	140 651,-
3	Reinghald av eksisterande brønn. Tømming og vasking. Gjennomgang av eksisterande røyr opplegg og tette lekkasjar.		25 timar a kr 250 = 6 250,-	6 250,-
4	Sikring av galleri med skikkeleg rekkverk. Høgde over sal er 4 meter så det er behov for betre sikkring for å unngå farlege situasjonar.		Materialer 4 500,- Produksjon og montering 60 timar a kr 250=	15 000, -
5	Oppgradering av salen oppe. Maling av veggjar og tak. Vasking av scene tepper, maling av scene.		Maling, stillas, estimert til 15 000,- Malingsarbeid 250 timar a kr 250 = 62 500,-	77 500,-
6	Oppgradering av elektriske fordelar skap. Betre tilgang for elektriske uttak til forbrukar.		Material kost: 8 000,- Montering 25 timar a 250 = 6 250,-	14 250,-
7	Legge ut straum til grill hus. Montere lys og uttak for forbruk		Material kost: 18 000,- Montering 30 timar a 250 = 7 500,-	25 500,-

8	Ferdigstilling av uteområde framside av hus. Legge duk å fylle på massar.	Grus og duk, 15 000,- utlegging bruk av hoppetussa 45 timar a 250 = 11 250,-	25 250,-
9	Måling av huset utvendig på framsida. Her er det malingslitt og det lek vatn gjennom pussen slik at salen nede blir våt.	Malingskostnad: 5 000,- pussing og forsegling av murspuss 3 000,- Pussing og pålegg av primer 25 timar a 25 = 6 250,- Maling 45 timar a 250 = 11 250,-	20 500,-
10	Oppgradering av kjøkken. Nye dører lydtette. Maling og laging av hyller i kott ved vifte.	Nye dører med karm og lister 18 000,- Riving og innsetting av dører 45 timar a kr 250 = 11 250,- Maling 30 timar a kr 250 = 7 500,-	36 750,-
Sum estimerte kostnader 2022		740 timar dugnadstimar	410 252,-

Samla budsjett estimerte kostnader:

2020 - 21 : 171 341,-

2021 - 22 : 196 531,-

2022 – 23 : 410 252,-

SUM: kr 778 124,-



Org.nr. NO 991 147 225 MVA
Vaksdalsgarden 20 – 5725 Vaksdal
Jim Stavenes – Mobil 48144680
Knut Gunnar Stamnes – Mobil 477 50 467

Vaksdal 20.11.2019.

Bygdalaget ved

Geir Magne Gammersvik

Sender som avtalt pris på nye glas i kjeller på ungdomshuset.

Glas levert etter vedlagte teikningar. 3 stk 3 rams og 1 stk 2 rams.

Pris er etter Lnr 010 og Lnr 025.

Lnr 005 + kr 600 ink mva.

Lnr 015 + kr 1800 ink mva.

Lnr 020 – kr 680 ink mva.

Glasa vert montert og fuga på utside.

Inne vert det sett i foringar og lista med 12x70 list, foringar og listar kvit malt.

Det er ikkje teke med opprydding.

Atterhald om prisstigning og råte skadar.

For dette er det rekna ein pris på kr 108 841 ink mva.

Utført 2021

Tømrar Andreas Pettersen AS
pettersenandreas@live.no
Tlf 99313852

Stamnes Ungdomshus
V/Geir Magne Gammersvik

11.08.2021

Tilbud

Tilbud bytte av 5 vinduer.

Tilbudet omfatter:

- Nordan Vinduer Toppsving alubelagt.
- Beslag nede og fug mot mur utvendig.
- Kvitmalte foringer og listverk innvendig.
- Renovasjon

- Eventuelle råte skader på konstruksjon kommer i tillegg.
- Eventuelle murer arbeid kommer i tillegg.

Kr	117825
Mva	29456
Totalt kr	147281

Andreas Pettersen
Tlf 99313852
Pettersenandreas@live.no

Utført 2022

Stamnes Ungdomshus

15.12.2021 V/Geir Magne Gammersvik

Tilbud

Tilbud bytte a vindu scene.

Tilbudet omfatter:

- Nordan Vinduer Toppsving alubelagt.
- Beslag nede og fug mot mur utvendig.
- Kvitmalte foringer og listverk innvendig.
- Renovasjon

- Eventuelle råte skader på konstruksjon kommer i tillegg.
- Eventuelle murer arbeid kommer i tillegg.

Kr	26881
Mva	6720,25
Totalt kr	33601,25

Andreas Pettersen

Tlf 99313852

Pettersenandreas@live.no

Plan utført 2022 eller 23

Hovlandsvegen 333

5913 EIKANGERVÅG
56357310

**Vestnorsk
Brunnboring A.s****TILBUD nr 8907**

Organisasjonsnr
Bankgiro

NO 917151474MVA
36325361330

115713	Tilbudsdato	02-03-2022
Geir Magne Gammersvik	Gyldig til	01-04-2022
Eidslandsvegen 1117	Vår referanse	Trond Aasgard
	Deres referanse	
5727	Selger	Standardselger
Stamnes	Bet.betingelse	15 dager

Priseksempel 120 mtr. 5,5" borehull for vann inkl. pumpeinstallasjon og trykktank

Varenr.	Varetekst	Antall	Pris	Rab%	Mva	Sum
	Boring 120 meter:				0	
205	Boring 5,5"	100,00	Meter	255,00	6375	25500,00
103	Minstepris (20 mtr. boring og tilrigg)	1,00	stk.	13500,00	3375	13500,00
106	Foringsrør Stål Ø168,3 mm	3,00	Mtr.	860,00	645	2580,00
11261	Elemex/Symmetriv-168, 5.5mm ringkronesats	1,00	stk	1800,00	450	1800,00
104	Mobilisering/demobilisering	1,00	Stk	10000,00	2500	10000,00
108	Bompenger, ferge, bro etc	1,00	Stk		0	
105	Trykking av borehull		Stk.	12000,00	0	
	*)Trykking av borehull kommer kun til anvendelse når vi ikke oppfyller garantien ved boring. Trykking er derfor ikke med i totalsum.				0	
					0	
					0	
	Pumpeinstallasjon og trykktank:				0	
202	Pumpeinstallasjon og trykktank	1,00	Stk	12000,00	3000	12000,00

GA35T	A35T Senkepumpe 0,75kW 3fas 230V	1,00	Stk	12656,70	3164,175	12656,70
777	Kontaktor m/vern 1,6-10amp	1,00	Stk	2700,00	675	2700,00
FMT120	120 ltr. Fiber Membrantank Well Mate	1,00	Stk	5958,70	1489,675	5958,70
UPT	Utsyrspakke for trykktank	1,00	Stk	1947,00	486,75	1947,00
802	Bærejern m/ topplate	1,00	Stk	779,00	194,75	779,00
4G1.5	Drikkevannskabel 3 X 1.5 + J	100,00	Meter	50,00	1250	5000,00
SK	Skjotesett for gummikabel	1,00	Stk	711,00	177,75	711,00
32MM	Plastror 32mm NT10 PE40	100,00	Meter	38,00	950	3800,00
FT	Festetape for pumpekabel	2,00	Stk	96,00	48	192,00
EBC10	EBC Tippunion 1 x 32mm 10kg	2,00	Stk	206,00	103	412,00
731	Albue 1" m/kupl. og hylse	1,00	Stk	161,00	40,25	161,00
PRK1	PRK Tipp 1x32mm	1,00	Stk	172,00	43	172,00
808	Glassfiberkjegle med lokk	1,00	Stk	1400,00	350	1400,00
813	Reduksjon 1 1/4" x 1"	1,00	Stk	125,00	31,25	125,00
AL04	Albue 1" i/i	1,00	Stk	126,00	31,5	126,00
804	Montering/kjoretid (forutsatt ferdigmontering på en tur)	1,00	Stk	5000,00	1250	5000,00

Kommer i tillegg (er ikke med i totalsum)

108	Bompenger, ferge, bro etc	1.00	Stk	0
117	Opphold/diett (for oppdrag utenfor Bergen og omegn)	1.00	Stk	0

Pris for kabler og rør m.m. til groft, samt sandfanger (er ikke med i totalsum):

004	Jordkabel PFSP 3x2,5-J	Meter	55,00	0
022	Elvestadrør 32mm NT10 blå	Meter	194,00	0
023	Elvestadrør endekobling	Stk	2150,00	0
033	Trekkerør 25 mm NT10	Meter	21,00	0
081	Isoleret rør 32 x63	Meter	140,00	0
ETL	Selvreg. varmekabel	Meter	123,00	0
ETLK	Endekobl. for varmekabel	Stk	219,00	0
ETLPB	Pakkedoks for varmekabel	Stk.	350,00	0
SF	Sandfanger (for å redusere sandproblemer i borehull)	Stk	2500,00	0

Priseksempel 120 mtr. 5,5" borehull for vann inkl. pumpeinstallasjon og trykktank

Varenr.	Varetekst	Antall	Pris Rab%	Mva	Sum
		Sum eks.mva			94520,80
		+ 25% m.v.a. av kr 94520,8			23630,20
		Totalsum			118151,00



